

Søknad om dispensasjon frå «standard abonnementsvilkår for vann og avløp-administrative bestemmelser» for søknad om tiltak på GBNR 137/532.


Tiltakshavar vil utvide terrasse og etablere carport framfor hovedinngang som er i fasade mot sør. Den utvida terrassen vil få eit sjikt med plater under bæringa for å danne eit tett tak over det som vert carport under. Dette vil også gjere at tilkomst til hovedinngangen vert skjærma for nedbør. Rekkverk vil være utført i glas for å betre utsikt.

Vidare vil terrenget hevast om lag ein meter på det høgaste punktet ved innkøyring. Der går det i dag ein tørrmur langs grensa mot naboeigedom med bruksnummer 534 og ein liten flik av fellesareal ved tilkomstvegen. Dette vil betre utnytting av utearealet på eigedommen.


Stakekum for avlaup er i området der terrenget vert heva. Denne vert fora opp i nivå med nytt terreng nivå og det vert montert gasstett topp på denne.

Tiltaket vil ha svært liten påverknad for naboeigedomane og ikkje påverke sikt- og solforhold for desse.

Kolstad 27/6-22



Karl Atle Taule



Det går fram av «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – administrative bestemmelser» pkt 3.4.1 1. ledd at nye tiltak skal ha ein avstand på minst 4 meter til kommunalt leidningsnett. Når avstand er mindre enn 4 meter må det søkjast om dispensasjon frå bestemmelsen. Det er kommunen si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning som handsamar søknaden.

* Vi gjer elles merksam på at omsøkt terrasse/carport kan påverka krav til lys og utsyn frå rom i bygget si underetasje. *Sjå bilde av bil*

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.05.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Kommunen gjer merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Runar Nestegjerde Haugen

KUBBALEITET 26

5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Ing Taule AS

Radøyvegen 1400

5936

MANGER

F1

Utgreiing av søknad om tiltak på GBNR 137/532.

Tiltakshavar vil utvide terrasse og etablere carport framfor hovedinngang som er i fasade mot sør. Den utvida terrassen vil få eit sjikt med plater under bæringa for å danne eit tett tak over det som vert carport under. Dette vil også gjere at tilkomst til hovedinngangen vert skjærma for nedbør. Rekkverk vil være utført i glas for å betre utsikt.

Vidare vil terrenget hevast om lag ein meter på det høgaste punktet ved innkøyring. Der går det i dag ein tørrmur langs grensa mot naboeigedom med bruksnummer 534 og ein liten flik av fellesareal ved tilkomstvegen. Dette vil betre utnytting av utearealet på eigdommen.

Stakeum for avlaup er i området der terrenget vert heva. Denne vert fora opp i nivå med nytt terreng nivå og det vert montert gasstett topp på denne.

Tiltaket vil ha svært liten påverknad for naboeigedomane og ikkje påverke sikt- og solforhold for desse.

Kolstad 10/1-22



Karl Atle Taule